

**AVTALE MELLOM
AUSTRHEIM SOKNERÅD
OG
AUSTRHEIM KOMMUNE
OM TENESTEYTING.**

Denne avtalen er gjort gjeldande frå og med..... etter vedtak i kommunestyret og i soknerådet

Med heimel i «Lov om tros og livssynssamfunn» § 14. 3.ledd; «*Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd etter andre ledd*», vert følgjande avtale om tenesteyting inngått mellom Austrheim sokneråd og Austrheim kommune (Kommunens ansvar for å yta økonomisk tilskot er regulert i § 14. 2.ledd):

Kommunen skal stipulera kostnaden av dei tenestene som avtalen omfattar. I budsjettet har denne kostnaden ei pluss og ei minusside, som er identiske. Denne kostnaden vil gå fram av budsjett og rekneskap. Drøfting av nivået på denne kostnaden vil vera tema på den årlege budsjettgjennomgangen med kommunen.

1. Personaltenester

Utbetaling av løn vert utført av ekstern aktør, for tida er det Aider. Kostnader for dette er lagt inn i den årlege rammeoverføringa frå kommunen.

2. Rekneskap

Aider utfører for tida alt av fakturering og rekneskapsarbeid etter forskriftene for «*økonomiforvaltningen for kirkelige fellesråd og menighetsråd i Den Norske Kirke.*» Rekneskapsføringa for kyrkjja si verksemد følgjer standarden for den kommunale verksemda. Soknerådet betalar sjølv revisjon av eige rekneskap ut frå rammetildelinga ein får frå kommunen. Kostnader for rekneskapsføring og fakturering er lagt inn i den årlege rammeoverføringa frå kommunen.

3. Anna.

Kyrkjelydshuset:

Soknerådet disponerer huset og betalar kommunale avgifter og straum.

Soknerådet har ansvar for indre vedlikehald og reinhald.

Kommunen som huseigar betalar kommunale forsikringar og har ansvar for uteområdet, ytre vedlikehald og branntryggleik.

Snørydding:

Kommunen har ansvar for snørydding av området rundt Kyrkjelydshuset, utanfor gravplassane på Austrheim og Leirvåg inklusive parkeringsområda. Kommunen brøyter parkeringsarealet utanfor bedehuset i Leirvågen ved behov knytt opp til gravferder. Dette inkluderer og den delen av parkeringsarealet som er eigd av stiftinga Leirvåg bedehus. Soknerådet har ansvar for å inngå og følgja opp leigeavtale med bedehuset vedrørande bruk av bedehuset ved gravferder frå Leirvågen.

Andre tenester:

Soknerådet kan søkja rådgjeving hjå eining for drift og vedlikehald når det gjeld vedlikehald av bygningar og anlegg, og til å ettersjå vedlikehaldsarbeidet. Vidare kan soknerådet ved behov søkja bistand til enklare administrative oppgåver og økonomisk rådgjeving.

Kontorrekvisita:

Soknerådet kan ta ut papir og rekvisita frå kommunen sitt lager, og frankera post på kommunen si frankeringsmaskin. Soknerådet pliktar så langt som mogleg å nytta digital kommunikasjon.

Innkjøp- og serviceavtalar:

Soknerådet kan nytta seg av innkjøps- og serviceavtalar kommunen inngår dersom dei ynskjer det og avtalen opnar for dette.

Framleige:

Soknerådet har rett til framleige av møtelokale og liknande i kyrkjelydshuset. Dei kan ta leige av andre lag, organisasjonar og private for å dekka utgiftene til straum og liknande.

Utleige og utlån av utstyr og førar

Soknerådet har rett til å nytta kommunen sin traktor med førar i samband med konkrete oppgåver. Dette gjeld og bruk av transporthengar for frakt av tunge reiskap mellom gravplassane. Slike arbeidsoppdrag skal bestillast via brukar i kommunen sitt FDV-system. Så langt mogleg skal slike arbeidsoppdrag bestillast minimum ei veke på førhand.

Soknerådet betalar timepris for traktor og eventuell førar. Timepris for vert fastsett i kommunen sitt gebyrregulativ. For inneverande år er prisane som følgjer;

Traktor: 600,-

Førar/maskinførar: 450,-

Soknerådet kan nytta transporthengar utan kostnad.

Tilsvarande betalar Austrheim kommune timepris for bruk av soknerådet sitt utstyr, som her gjeld minigravar og minidumpar. Soknerådet fastset sjølv timeprisar for eventuelt utlån av utstyr til Austrheim kommune.

Bruk av teknisk avdeling ved større prosjekt.

Større prosjekt som gjeld investeringar, er ikkje med i denne avtalen. Det vert gjort konkret avtale for kvart prosjekt.

Avtaletid.

Denne avtalen gjeld for eitt år om gongen frå 1. januar til 31. desember og vert fornya automatisk dersom ingen av partane seier han opp. Skal avtalen seiast opp i det påfølgjande året, må det sendast skriftleg melding om dette seinast 1.oktober året før.